

Fra: Nils Seland <nseland@online.no>
Emne: Fwd: Odda Kaffistove
Dato: 5. november 2013 14.26.41 GMT+01.00



▶ 2 vedlegg, 226 kB

Videresendt melding:

Fra: Lars J Låte <lars-l@c2h.no>
Dato: 5. november 2013 12.20.27 GMT+01.00
Til: <nseland@online.no>
Kopi: Jon Låte <jon.laate@gmail.com>
Emne: Odda Kaffistove

Hei Nils!

Eg kunne ha svara veldig kort at nei dette har aldri vore kaffistove i ungdomslagarørsla, berre namnet er likt. Men så er eg litt nysgjerrig, så eg har funne ut litt meir:

Huset der kaffistova låg vart bygd i 1918, teikna av Ole Landmark med namnet «Kjøtbazaren i Odda». Dei som bygde huset gjekk konkurs etter to år. Kanskje var det når nye folk overtok at det vart etablert kaffistove i andre høgda i huset. Det var forskjellige butikkar i første høgda. Legg ved eit bilete som viser at kaffistova var der fredsdagane 8-17. mai 1945 (I-04222). Dei butikkane som etterkvart kom på plass i Eitrheimsvegen 15, var bl.a. ein som selde kjøttvarer og ein fiskehandlar. Fiskehandlaren var Jon J. Digranes. Han var aktiv i ungdomslaget. Sonen hans, Tore Digranes (Tore fisk på folkemunne) var svært aktiv i ungdomslaget, men det har ikkje vore noko kobling mellom hans interesse i ungdomslaget og kaffistova. Kaffistova var eitt eige tiltak.

Kor lenge var det kaffistove i 2. høgda her. Legg ved bilete som er tatt mellom 1965 og 1970. Då eksisterte kaffistova. Har snakka med folk på min eigen alder om dette, men det er vanskeleg å hugse noko konkret. Kaffistova var ikkje ein plass folk møttest lenger.

Vil du vite meir om Kjøtbazaren så gå inn på: www.kulturminneløypa.no leit deg fram til Odda og «Min vesle by, min vesle by». Der finn du kjøttbasaren i Odda og mange andre bygg i Odda.

Helsing

Lars J. Låte

